

Saksnr 7/23 Utval
Utval for plan og utvikling

Møtedato
20.04.2023

Planprogram hovedplan veg

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og utvikling vedtek at forslag til planprogram for kommunedelplan Hovudplan for veg vert sendt på høyring og vert lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker, i medhald til plan- og bygningsloven § 11-12 og § 11-13. Det vert samstundes varsla om oppstart av planarbeidet.

Røysting:

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Utval for plan og utvikling vedtek at forslag til planprogram for kommunedelplan Hovudplan for veg vert sendt på høyring og vert lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker, i medhald til plan- og bygningsloven § 11-12 og § 11-13. Det vert samstundes varsla om oppstart av planarbeidet.

Rådmannen, 11.04.2023

Dokumentliste

X	28.12.2022	Anne Randi Naurstad	Hovedplan veg Stord
X	16.01.2023		Hovedplan veg - gammel 2014 - 2019
N	03.02.2023	Anne Randi Naurstad	SV: Hovedplan veg Stord
I	09.02.2023	Ivar Faksdal	SV: Stord hovedplan veg
N	01.03.2023	Anne Randi Naurstad	Stord hovedplan veg
S	14.03.2023		Planprogram hovedplan veg

Vedlegg

- 1 Planprogram hovedplan veg Stord

Innleiing (bakgrunn for saka)

Vurdering av trongen for endringar i planstrukturen skal som hovudregel gjerast i samband med kommunal planstrategi. Revisjon av hovedplan veg ligg ikkje inne i Stord kommune sin planstrategi 2020 – 2023. Rådmannen vurderer likevel at ein hovudplan for veg med tilhøyrande handlingsplan er eit naudsynt styringsdokument for at Tekniske tenester, avdeling veg, parkering og grønt, skal kunne arbeida målretta, strategisk og prioritera rett. Stord kommune si førre kommunedelplan for hovedplan veg 2014- 2019, vart vedteke 01.06.2011 i sak PS 16/11 og er dermed utgått.

Saksutgreiing og vurdering

Plan- og bygningslova § 11-1 krev at ein kommune skal ha ein kommuneplan som skal «...ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen...Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, tema eller virksomhetsområder...»

Arbeid med hovudplan veg vart tinga sumaren 2022 og starta opp om hausten. Firma Safe Control Road AS fekk oppdraget. Dei har alt utført store delar av arbeidet med m.a. gjennomgang og kartlegging av tilstanden på vegnettet.

For å sikre god medverknad og forankring av planen politisk og administrativt, skal planen utarbeidast som ein kommunedelplan i tråd med krav i plan- og bygningslovens § 4-1. Planarbeidet krev difor eit planprogram.

Planperioden for hovedplanen vil vera 8 år.

Det går fram av delegasjonsreglement til Stord kommune at utval for plan og utvikling har mynde til å vedta oppstart av planarbeid og å senda framlegg til planprogram til høyring og offentlig ettersyn jf. Plan- og bygningslova § 11-12 andre ledd, samt å vedta planprogram jf. Plan- og bygningslova § 11-13 andre ledd.

Planprogrammet vert med dette lagt fram for utval for plan og utvikling for godkjenning av oppstart, og varsel om oppstart og utlegging av planprogram til offentlig ettersyn i 6 veker.

I tillegg til reine fagspesifikke tema vil ein i planarbeidet synleggjere utfordringar ein ser på vegsektoren i kommunen. Desse går fram i planprogrammet.

Stord kommune har ansvar for drift og vedlikehald av det kommunale vegnettet. Med kommunalt vegnett vert meint heile det kommunale transportnettet med vegar, parkeringsplassar, bruer, tunnel(ar), fortau, gang- og sykkelveggar med tilhøyrande grøfter, stikkrenner, fylling/skjering, vegutstyr og veglys.

Drifta av vegane omfattar m.a. brøyting, strøying/salting, feiing, oppsetting av skilt, skjøtsel av grøntareal, rydding av siktliner, reinsk av kummer/stikkrenner og lapping av hol i asfalt. Ansvarer omfattar også investering i asfalt og veglys.

Tekniske tenester avdeling veg, parkering, grønt, har også ansvar for å forvaltning etter veglova, politilova, normalpolitivedtekta og vegtrafikklova med tilhøyrande forskrifter.

Å sørge for trafikktryggleik, vedlikehald og framkome på kommunale vegar er ei svært viktig oppgåve kommunen har ansvaret for. Kommunen må difor ha ein langsiktig plan for drift- og vedlikehald av dei kommunale vegane.

Rammene til drift, vedlikehald og investeringar på det kommunale vegnettet vert vedteke gjennom årlege budsjett. Avsett budsjett og bemanning vert opplevd å vere avgrensa i høve behovet. Sidan førre hovudplan veg i 2014, er m.a. bemanninga på veg redusert frå 6 til 4,6 stillingar. I same periode har ein overteke mange nye veganlegg til kommunalt drift og vedlikehald. I tillegg har avdelinga fått ansvar for om lag 26,5 km turvegnett. Dette fordrar vanskelege prioriteringar frå kommunen si side.

Rådgivende ingeniørers forening (RIF) gjev ut ein rapport kalla State of the nation – Norges tilstand, sist utgjeve i 2021. Det går m.a. fram av rapporten at RIF ser det som ein viktig samfunnsoppgåve å bidra til å kartlegge og synleggjera verdiane, behova og gje kommunane råd om kva som må til for å få mest ut av offentlege midlar. For vegsektoren går det m.a. fram at følgjande:

«Sikre tilstrekkelig finansiering

Drift og vedlikehold er underfinansiert på de kommunale veiene. Kommunene bør prioritere økte bevilgninger for å ta vare på dagens veinett og unngå ytterligere forfall.

...Helhetlig areal- og transportpolitikk i kommunene

Kommunene bør se areal- og transportplanlegging mer i sammenheng. Kompakte og vel planlagte boligområder med effektiv infrastruktur vil redusere kostnadene til drift og vedlikehold over tid...

...Prioriter tiltak som ivaretar folks helse og sikkerhet

Det må tilrettelegges for gående, syklende og kollektivreisende for at befolkningen skal bevege seg mer. Tiltak på ulykkesbelastede veistreknings må prioriteres...»

«...Få oversikt over tilstanden

Kommunal sektor må sørge for en bedre oversikt over tilstanden på veinettet enn det man har i dag. Statens vegvesen har gjort en systematisk tilstandsanalyse av riksveinettet. Vi anbefaler at tilsvarende metodikk brukes for det samlede kommunale veinettet. Det er viktig at kommunepolitikerne får inngående kunnskap om tilstanden på veinettet, slik at de har et bedre grunnlag for prioriteringer av kommunale midler...»

Utarbeiding av hovudplan veg er soleis i medhald av RIF sin tilråding ved at ein no m.a. kartlegg og vurderer tilstanden til det kommunale vegnettet. Det vil verte utarbeidd forslag til prioritert liste for utbetring av vegane.

Kommunedelplan for veg vil leggje eit betre grunnlag for framtidig ressursinnsats innan drift, vedlikehald og forsterking av det kommunale vegnettet. Planen skal vera Stord kommune sitt styringsreiskap for tiltak som skal gjennomførast i planperioden. Tiltak i planen vil bli føreslege innarbeidd i kommunen sitt langtidsbudsjett.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Ressursbruken i planprosessen ligg i hovudsak på arbeid som vert utført av firma Safe Control AS. I tillegg vil prosjektleiar utføra arbeid som går inn i daglege arbeidsoppgåver. Det er leigd inn konsulentbistand til planarbeidet som tilstandsregistrering, beskrivelse av utbedringstiltak m.v. Hovudplanen er ikkje budsjettert særskilt i økonomiplanen og ressursbruk på ekstern bistand vil handterast innanfor gjeldande budsjett.

Konsekvensar for berekraftsmåla

Planen vil bidra til å nå kommunen sine [folkehelsemål](#)
Planen vil bidra til å nå kommunen sine [klima-/miljømål](#)

Rådmannen viser til vedlagte planprogram.

Konsekvensar for beredskap

Godt vedlikehalde vegnett er positivt for framkome og beredskap i kommunen.

Konklusjon

Rådmannen rår Utval for plan og utvikling å vedta at forslag til planprogram for kommunedelplan Hovedplan for veg vert sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i 6 veker, i medhald av plan- og bygningsloven § 11-12 og § 11-13. Det vert samstundes varsla om oppstart av planarbeidet.

Plan for gjennomføring

Sjå framdriftsplan i planprogrammet.